



Hopp- og kombinertkomiteen@

Sakshand.: JIÅ/ KD

Dato: 23.08.2021

Arkivk.: hkk/møter/protokoll/21-23

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 02 I HOPP- OG KOMB. KOMITEEN, 2021-2023

Stad: Digitalt møte (Microsoft Teams)
Tidspunkt: Måndag 23. august 2021, kl. 20.00-21.00

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 07 21-23 Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 08 21-23 Godkjenning av protokoll nr. 01 21-23 frå HKK

RAPPORTERING

SAK 09 21-23 Rekneskapsrapport pr. 11.08.2021

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 10 21-23 Arbeidsplan komiteen haust/vinter 2021
SAK 11 21-23 Anleggsplan 2021-2025. Status og oppfølging.
SAK 12 21-23 Haustmøtet 30. oktober

EVENTUELT

SAK 13 21-23 Sportssjef Hopp

TIL STADES: Jan Inge Årdal, Jon Ove Lomheim, Rune Rebni Pedersen, Johnny Seljeset, Lars Brekke og Kennet Dvergedal (adm.)

FORFALL:

MERKNADER:

REFERENT: Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 07 21-23 Godkjenning av innkalling og sakliste
Bakgrunn
Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 08 19-21

Godkjenning av protokoll nr. 1 21-23 frå HKK

Bakgrunn

Vedlagt er protokoll nr. 01 21-23 frå hopp- og kombinertkomiteen. Protokollen er godkjent elektronisk tidlegare.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner protokoll nr. 1 21-23

RAPPORTERINGSSAKER

SAK 09 21-23

Rekneskapsrapport pr. 11.08.2021

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 11.08.2021 er lagt ved som eige vedlegg. Rapporten vert presentert i møtet.

VEDTAK:

Hopp- og kombinertkomiteen tek rapporten til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 10 21-23

Arbeidsplan hopp- og kombinertkomiteen haust/vinter 2021

Bakgrunn

Komiteen drøftar rammer for arbeidsplan haust/vinter 2021.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om å oppnemne Jon Ove Lomheim som terminlisteansvarleg, og han lagar framlegg til terminliste til haustmøtet.

Hoppaktivitet i krinsen fram til vintersesongen blir gjort på eige initiativ av klubb eller utøvarar sjølve. Dersom nokon ønskjer å hoppe i plastbakkane i Nordfjord Fritidssenter i Stryn kan dei vende seg til Rune Rebni Pedersen.

Møte i HKK og haustmøte vert 21.10.2021 fordi berre maks 2 av 5 komitemedlemmer kan delta på Idrettens Møteplass 30.10.21.

SAK 11 21-23

Anleggsplan 2021-2023. Status og oppfølging.

Sogn og Fjordane Skikrins sin anleggsplan for 2021-2023 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2021.

1. Etablering av heilårs rekrutteringsbakkar i Hafstadparken i Førde.
 - Førde kommune har sagt førebels nei for bygging av hoppbakken i Hafstadparken, grunna usikkerheit med plassering av fotballbane i same område.
 - Førde IL seier nei til bygging av bakken i Vieåsen. Dei ynskjer bakken i Hafstadparken og meiner ein må avvente vidare prosess.
 - Komiteen ønskjer at ein kjem i gang med bygging rekrutteringsbakkar snarast. Anleggskomiteen blir oppmoda om hjelpe til Førde IL få i gang bygginga.
2. Etablering av heilårs rekrutteringsbakkar i Stryn sentrum.

- Er lagt på vent.
3. Etablering av hoppbakkar ved Sogn skisenter.
- Jon Ove Lomheim viste planteikningar for endra plassering av K45, K19 og K10. Plassering av K70 blir vurdert i samband med revisjon av gjeldande reguleringsplan.
 - Krinsen blir oppmoda om å hjelpe idrettslag og kommunen til
4. Oppfølging Vik skisenter.
- Bakkane må settast i stand før ein kan byrje med hoppaktivitet her.
 - Anleggskomiteen blir oppmoda om å hjelpe Vik IL (hoppgruppa) med fullføring bygging av hoppanlegget og nødvendig utstyr til drift. Komiteen oppmodar vidare til oppgradering av tilløp til dagens krav for hopp på snø og gradvis utbygging til heilårsanlegg.

Komiteen diskuterte saka i møtet med oppdatering av status for prosessane.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen tek saka til orientering og gjer vidare vedtak om å følgje opp saka med anleggskomiteen, idrettslag og kommune.

For å få fortgang i prosessane vart det ytra ønskje om at krinsen hjelper til å leggje eit press på idrettslag og kommune for å få ferdig ikkje-fullførte hoppanlegg og realisering av nye hoppprosjekt. Dette blir viktig sak for anleggskomiteen når den er konstituert.

SAK 12 21-23

Haustmøte 30. oktober

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Haustmøtet 2021 skal avviklast 30. oktober på Idrettens Møteplass i Sogndal.

Rammeprogram:

Kl. 10.00: Felles foredrag

Kl. 12.00: Lunsj

Kl. 13.00-16.00: Haustmøte for Sogn og Fjordane skikrins

Parallelt med Idrettens Møteplass vert det avvikla ei treningssamling for utøvarar i aldersgruppa 12-19 år med basisøker på tvers av idrettar.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om å avhalde haustmøte torsdag 21. oktober kl. 18.00 på Skei hotell.

Komiteen gjer vedtak om følgjande forslag til sakliste til Haustmøtet:

- Orientering frå Haustmøtet i NSF
- Rekrutteringsarbeid i klubbane
- Aktivitetsplan 2020-2021
- Terminliste 2020-2021

- Handlingsplan 2019-2021
- Status anleggsprosessar og vegen vidare

EVENTUELT
SAK13 21-23

Sportssjef Hopp

Bakgrunn

Skiforbundet har valt å ikkje forlenga engasjementet til sportssjef hopp, Clas Brede Bråthen, når avtalen går ut i april 2022. Dette har skapt reaksjonar blant hoppmiljøet og store oppslag i media.

Hedmark hopp- og kombinertkomite ønskjer å få saken betre belyst, og håpar å få med seg hoppkomitear i andre kretsar for å få eit orienteringsmøte med Hoppkomiteen sentralt.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om å stille seg bak Hedmark Hopp- og kombinertkomite for å få eit orienteringsmøte med Hoppkomiteen sentralt.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Jan Inge Årdal (s)
Leiar HKK

Kennet Dvergedal (s)
Referent